



REFERAT

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Onsdag 28. august 2024

Tidspunkt: kl. 16.00, Saunesmarka

Styremedlemmer:

Anne Holstad

Christoffer Eiken

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr

Anne Marte Beitveit

Kjartan Grimstad

George Fulford

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S26/24

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende innkallinga og saklista

SAK S27/24

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende referatet

Sak S28/24 Perioderekneskap pr. juni 2024.

Det har vore noko lågare omsetning siste periode enn budsjettert, både for hushaldning og næring. På næring har også varekostnaden vore lågare, dette heng saman med bortfall av ein stor kunde. For hushaldning har varekostnaden vore høgare enn budsjett. Det er større tal på energigjenvinning og hageavfall og lågare tal på materialgjenvinning. Prosentvis er varekostnaden 9,2% høgare enn budsjett for hushaldning og 12,2% lågare for næring.

Lønnskostnaden er totalt sett noko lågare enn budsjett. Dette heng m.a. saman med pensjonskostnaden, som vart høgt budsjettert pga høg reguleringspremie i 2023. Denne er vesentleg lågare i 2024, samtidig som det er trekt meir av fondet og tidlegare på året.

På dei indirekte kostnadane er det stadig store kostnader knytt til vedlikehald. Bilparken er blitt større og det er fleire eldre bilar som treng meir vedlikehald. Det er også større kostnader knytt til innsamlingsutstyr. Her har noko av innsamlingsutstyret blitt selt vidare til andre renovasjonsselskap, men dette kjem ikkje som reduksjon på innkjøpskostnaden. Finanskostnadane er om lag som budsjettert.

Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tok perioderekneskapet pr 30.06.2024 til vitande

Sak S29/24 Prognose ut året

Det er utarbeidd prognose på bakgrunn av junital. Omsetning på næring totalt er venta å bli om lag som budsjett, medan for husholding er det venta noko lågare omsetning. Dette er knytt til sal av fraksjonar som er noko høgt budsjettert, og også mot gebyr hushaldning. Varekostnaden er venta å bli høgare enn budsjett for året totalt, medan det er venta å bli om lag som budsjett for næring. Høgare CO2-avgift enn varsla då budsjettet blei vedteke, er medverkande til den auka varekostnaden.

Total lønnskostnad er venta å vere noko høgare enn budsjett. Dette er m.a knytt til høge budsjettal for refusjon av sjukeløn. Det er også budsjettert noko låg arb.gjevaravgift på næring. Det er også høg kostnad til vikarar, men lågare til fast løn.

Det er også venta høgare kostnad på dei indirekte kostnadane. Vedlikehaldskostnaden er venta å vere høg vidare. Avskrivning vil vere lågare enn budsjett pga investeringar som kjem seinare på året enn forventet.

Resultat for næring er venta totalt sett å bli om lag som budsjett, medan det er venta eit negativt resultat for husholding på om lag 1,5 mill mot eit positivt resultat på knapt 300.000 i budsjettet.

Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak: Prognosetala vart gjennomgått og tatt til vitande. Berekning av sjølvkostfondet må innarbeidast i økonomiplanen som skal utarbeidast i samband med budsjett for 2025.

Sak S30/24 Krav om innsamling av glas- og metallemballasje frå og med 1. januar 2025.

Det blei vist til utsendt dokumentasjon.

Frå og med 1. januar 2025 trer den nye avfallsforskrifta i kraft. Den inneheld eit innskjerpa krav om at kommunane skal samle inn glas- og metallemballasje via ei henteordning:

§ 10a-5 skal lyde:

§ 10a-5.Plikt til separat innsamling av avfall

Kommunen skal sørge for separat innsamling av utsortert matavfall, plastavfall, papp- og papiravfall, glass- og metallemballasjeavfall, park- og hageavfall og tekstilavfall fra husholdningene jf. § 10a-4 første ledd.

Innsamling av utsortert matavfall, plastavfall, papp- og papiravfall og glass- og metallemballasjeavfall jf. første ledd skal skje ved en henteordning. Plikten til henteordning for glass- og metallemballasje gjelder fra og med 1. juli 2025. En henteordning kan erstattes av en bringeordning;

- a. i områder med hytter og fritidshus i tettbygd strøk dersom avfallet kan bringes til et felles innsamlingspunkt tilknyttet hytte- og fritidshusområdet,
- b. utenfor tettbygd strøk,
- c. for bestemte eiendommer som er unntatt fra den kommunale innsamlingen etter forurensningsloven § 30 andre ledd,
- d. for avfall som på grunn av sin størrelse ikke hensiktsmessig kan hentes sammen med annet avfall.

For glass- og metallemballasjeavfall kan en henteordning erstattes av en bringeordning med innsamlingspunkt som ligger i rimelig nærhet til eiendommen dersom eiendommen har avfallssug eller henting ikke er mulig med hensyn til eiendommens utforming og beliggenhet, trafiksikkerhet eller andre omstendigheter.

(Saksa frå den nye avfallsforskrifta)

Per dags dato tilbyr SSR abonnentane ei bringeordning, i form av glasigloar og nedgravne fellestankar rundt om i kommunane på rundt 40 ulike stader.

Vi har gjort ei førsteutrekning på forventa kostnader, som viser at ei innføring av henteordning på glas- og metallemballasje vil utgjere i underkant av 300,- kroner det første året per standardgebyr, dei neste åra rundt 250,- kroner på gebyret. Føresetnaden for dette er henting kvar 13. veke, det vil seie fire gonger i året. Hentefrekvensen er sett slik då det er denne VØR opererer med. Dei hadde henting kvar 8. veke i starten då dei rulla ut ordninga.

Det er viktig å peike på at det i utrekninga er usikre faktorar knytt til mellom anna om omlegginga vil føre til eit behov for større/endra bilpark og faste stillingar.

Per dags dato samlar VØR inn 14,4 kilo per innbyggjar med henteordning. SSR samlar per dags dato inn 12,5 kilo per innbyggjar med bringeordning.

Administrasjonen ønskjer eit signal frå styret om arbeidet vidare og kva tiltak vi gjer med tanke på det nye kravet i avfallsforskrifta.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming: Det vart diskutert rundt saka, knytta til hentefrekvens, nytting av igloar i utkantar, f.eks på Kvamsøy/Sandsøy, økonomi, investeringsbehov, ressursbruk. I SSR sitt område er det gode tal for innsamling, miljøeffekten er derfor kanskje ikkje stå stor her. Styret ønskjer derfor at adm. arbeider vidare med saka.

Vedtak: Styret ber administrasjonen arbeide vidare med saka og sørge for ei større utgreiing som skal leggest fram på planlagt strategisamling tidleg i 2025.

Sak S31/24 Krav om innsamling av tekstilar frå og med 1. januar 2025.

Frå og med 1. januar 2025 trer den nye avfallsforskrifta i kraft. Den inneheld eit nytt krav om at kommunane skal samle inn tekstilavfall. Samtidig er det ikkje eit konkret krav om at kommunane skal innføre **henteordning** for tekstilavfall. Kravet om kjeldesortering kan gjennomførast ved å etablere ei **bringeordning** på miljøstasjonane til SSR. Dette vil vere ei vesentleg rimelegare løysing enn ei eiga henteordning.

Administrasjonen ønskjer ei ordning som er mest mogleg i tråd med regionen og resten av landet. I dialog med andre selskap, er dette eit forslag til vidare framdrift. Enkelte steg er naturleg å ta i fellesskap som bransje, andre må kvart enkelt selskap stå for sjølv.

1. Gjennomføre dialogmøte med dei kommersielle og andre aktørar som driv innsamling av tekstil til ombruk i dag.
2. Gjennomføre ei marknadsundersøking for å få kartlagt om og korleis vi kan få avsetnad for kjeldesortert tekstilavfall.
3. Fram til ei produsentansvarsordning kjem på plass, noko som kan vere med på å finansiere utvida innsats på feltet, kan vi innføre fraksjonen «Tekstilavfall» som ein eigen avfallstype på miljøstasjonane.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming: Adm informerte om dialog som har vore med naboselskapa. Forslag om bringeordning til eigne containerar på miljøstasjonen, øydelagde og heile kle kvar for seg.

Forslag om å levere ut sekkar for øydelagde kle som blir henta/levert miljøstasjonen.

Samarbeide om felles informasjon frå selskapa i området.

Samarbeid med frivillige org om innsamling av tekstil

Vedtak: Styret ønsker primært ei ordning i samspel med allereie eksisterande frivillige aktørar, og dei ønsker å sette opp container for øydelagte tekstiler på miljøstasjonane til SSR. Nedstrøymsløysingar må avklarast for å sikre trygg gjenvinning vidare for dette avfallet

Sak S32/24 Drøfting rundt prinsipp ved anbud

Administrasjonen ønskjer diskusjon i styret rundt vekting ved offentlege tilbodsprosessar. Frå og med 1. januar er det eit krav om å vekte miljø 30 prosent i offentlege innkjøp. Dette kan gjerast på ulikt vis. Administrasjonen ønskjer ei drøfting rundt problemstillinga med tanke på kva linje ein legg seg på framover i komande tilbodsprosessar.

Skal vi vekte nærleik som eit miljøkriterium? Kortreist er likevel ikkje alltid det som gir lågast samla CO2-påverknad. Kva retning ønskjer styret at selskapet skal gå her?

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming: Eit samla miljørekneskap bør vere grunnlaget for tilbod. Nærheitsprinsippet er viktig for å få med innbyggjarane til å ønske å sortere. CO2-utslepp må vere eit viktig parameter. Men vi må også ta omsyn til økonomi.

Vedtak: Styret ønsker at ein utarbeider eit samla miljørekneskap i samband med tilbodsarbeidet.

Sakliste – orienteringssaker:

Sak S33/24 Orienteringar om:

- Administrasjonen
- Plikt til industrivern
- Arbeidsmiljøutval og kursing
- Samarbeid mellom renovasjonsselskapa i fylket
- Klagenemnd
- Budsjettprosess
- Sjukefråver

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinholdsværk, dato_____

George Fulford
styreleiar

Camilla Storøy
nestleiar

Andrea Øien Sæverud
dagleg leiar

Anne Holstad

Kjartan Grimstad

Anne-Marte Beitveit

Arnulf Goksøy

Christoffer Eiken